

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.02.2018

Handsaming i møte

Før det formelle møtet arrangerte Deloitte kurs innan lov om offentlege anskaffingar, inkl. kontraktsoppfølging, for kontrollutvalet og administrasjonen i Hordaland fylkeskommune.

Leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg (H), orienterte om status i sak om val av sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen. Saka vert å handsame i neste møte i kontrollutvalet.

Kristian Helland (KrF) tok opp desse sakene etter folkevaldopplæringa i Molde:

1. Korleis føregår styresamansetjing i Hordaland fylkeskommune.
2. Korleis føregår journalføring av e-post til gruppeleiarar.

Når det gjeld punkt 1 vart kontrollutvalet samde om:

- Kari Gåsemyr i Deloitte sender førespurnad om korleis journalføring av e-post til gruppeleiarar føregår, i samband med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan «arkivering og journalføring».

Når det gjeld punkt 2 vart kontrollutvalet samde om:

- Kontrollutvalet ønskjer å verta oppdatert om kva reglar og retningsliner som gjeld for styresamansetjing i Hordaland fylkeskommune

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kari Gåsemyr i Deloitte sender førespurnad om korleis journalføring av e-post til gruppeleiarar føregår, i samband med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan «arkivering og journalføring».
2. Kontrollutvalet ønskjer å verte oppdatert om kva reglar og retningsliner som gjeld for styresamansetjing i Hordaland fylkeskommune.